

LINDÅS KULTURRÅD

Isdalstø, 20.09.16

Kultureininga

Att: Eileen Feste

UTTALE VEDR RESTFORDELING AV KULTURMIDLAR HAUSTEN 2016

Lindås kulturråd vil koma med følgjande uttale i samband med forslag til restfordeling av kulturmiddlar for hausten 2016.

Vi vil merka nokre gererelle tilhøve:

1. Hovud-tildelinga på våren skal gå til drift medan haust-tildelinga ifølgje retningslinene kun skal gå til prosjekt- og aktivitetstilskot. Det kan verke som om at det ikkje er lett å forstå skilnaden mellom «drift» og «aktivitet» av di så mange søknadar på hausten dreier seg om driftsmiddlar. Lindås kulturråd meiner at det er søknadar som dreier seg om utadretta aktivitet som må prioriterast i haustfordelinga.
2. På generelt grunnlag meiner Lindås Kulturråd at dei frivillige helserelaterte lag og organisasjonar, Psykiatriens Venner, Lindås revmatikerlag og Nålauge ikkje er berettiga kulturmiddlar. Det har i Noreg vore ei utstrakt satsing innanfor psykiatri og tilrettelegging av aktivitet for brukergruppar innan helse generelt i fleire år. Frivillige helserelaterte lag og organisasjonar må kunne finne middlar innanfor sine eigne faginstansar i kommunen.
3. Som nemt i uttalen for hovudtildelinga før sommaren 2016 så meiner Lindås kulturråd framleis at lag/org må føre opp ein samla sum for kva det er dei søker penger til, og ikkje fleire søknadar frå same lag. Vi ser at dei mest kreative framleis søker på ulike område og med ulike tema og på den måten får mest mogeleg ut. For eksempel Eikanger /Bjørsvik Musikklag – juniorbrass og trombonistar. Dette kan ikkje sjåast som prosjekt av di det har gått over 10 år. Det er ein del av ordinær drift.
4. Lindås kulturråd ser det som problematisk å gje stønad til:
 - a. Nordhordland skiklubb – klubbklede. Det kan bli vanskeleg å handtere søknader frå mellom anna korps og kor som framover treng nye uniformar. Og dette dreier seg om store summar. Laga må oppmodast til å bruke kanalane der draktar og uniformar får tilskot. , jfr. retningslinene § 9 – bygg/anlegg og utstyr, søknadsfrist 15 mars.
 - b. Alvermarka vel / Hindenes og Åsgard grendelag – grusbane og uteområde. Dette er eit tema som det blir meir og meir viktig å få avklara grunna usemjø om kor slike saker skal handsamast. Lindås kulturråd meiner dette er eit oppdrag for idrett- og friluftsliv og bør ligge i eigedomsavdelinga der slike innspel kan handterast av spelemiddlar og eventuelt interne midlar, jfr. retningslinene § 9 – bygg/anlegg og utstyr, søknadsfrist 15 mars.

Vi vonar betre datateknisk løysingar for søknad og handsaming kjem på plass snarast. Dette vil gjere både handsaming og oversikt langt betre.

Mvh

Styret i Lindås kulturråd

Einar Vatne – leiar

Per Ole Ekker - sekretær